

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Treeiningsundag – 07. juni 2020

Preiketekst: Matt 28, 16-20

Lesetekst I: 5 Mos 6, 4-9

Lesetekst II: 1 Pet 2, 4-10

Misjon med tvil og trøyst

«Ei trøyst eg hev, som gjeve meg fred», skreiv Arne Garborg. Han var oppteken med heilt andre ting enn misjon. Det var år og alder han hadde i tankane. Framhaldet er slik: «Dei eldest med tidi, dei unge med!»! Uttrykket hans seier mykje, og er verkeleg noko å både grunna på, og å smila av, ikkje minst for oss som er blitt eller er i ferd med å bli pensjonistar.

For meg er det også så godt at eg tek det fram her! For i denne veldige misjonsteksten, kan nokon kvar kjenna seg mislukka og mindreverdige. Det er tre korte ord i vers 17 som er mi trøyst her. Der står det: Men somme tvila!

Flaggdag

Denne søndagen skal flagget til topps. Ikkje fordi Misjonsbefalinga er preiketekst, sjølv om me gjerne kan markera misjon på ein sterk og klar måte i kyrkjer og forsamlingshus! Det er i dag 115 år sidan unionsoppløysinga frå Sverige, i 1905. Denne markeringa kjem nok noko i skuggen av at me denne våren har markert at det er 75 år sidan andre verdskrigen tok slutt. Mai har elles vore farga av både fridomsdagen 08. mai, og av nasjonaldagen 17. mai, av Kristi himmelfartsdag, og sist søndag var det pinse; kvitsunnhelg; White Sunday!

Det er spennande og sentrale lesetekstar denne søndagen, frå 5 Mos 6 og 1 Pet 2. Dei kunne fortent eigne tekstgjennomgangar!

Corona

Endeleg – desse linjene vert skrivne midt i corona-krisa. Med lang leveringstid for tekstkommentarane er det alltid slik at dei ytre omstenda kan endra seg mykje frå skrivetidspunkt til den dagen teksten handlar om. Det får stå si prøve. Guds ord står fast. Misjonskallet eller –ordren også.

Pinsen er ei gamal høgtid som det jødiske folk hadde feira i århundrer. Så fyller Jesus også denne med nytt innhald, slik han hadde gjort med påsken nokre veker før. No

kom talsmannen som han hadde lova. No kom den krafta som alle læresveinane skulle få gå i, og nytta seg av i tenesta for Jesus. Og så var det heile i gang. Og i fylgje Apostelgjerningane starta det med liv og vårvær og vekking med det same. Mange tusen døypte, og frelsa proklamert for høg og låg!

Herlege tider, og levande skildringar i Guds eige ord!

Frå tolv til elleve

Men somme tvila altså – då dei fekk dette veldige oppdraget der på fjellet i Galilea. Flokken var redusert frå tolv til elleve. Men ein ny tolvte mann vart vald (Apg 1,26). Men då Jesus kalla dei til fjells, var dei elleve. Dei hadde skakande opplevingar bak seg. Å forstå seg på alt som hadde skjedd, var ikkje å venta. Men dei gjekk for å møte Meisteren, der han hadde sagt at dei skulle treffast. Då dei møtte han, fall dei ned. Dei la seg neppe på kne, slik me ofte tenkjer. Eg trur dei la seg langflate. Kanskje både av respekt, av frykt og andre grunnar. Dei som tvilte, vart neppe ståande og sjå på dei «sterke i trua» som la seg ned. Dei la seg nok ned alle. Men altså – somme tvila.

Kva tvila dei på? Ja, det står ikkje. Heilt sikkert på seg sjølve. Er eg klar til å gå inn i noko så stort som Herren no vil? Har eg utrustning? Er eg villig? Duger eg? At dei hadde eksistensielle kampar med seg sjølve, trur eg ikkje det er grunn til å tvila på. Kanskje dei også tvila på Jesus? Var han verkeleg den han sa? Var det reelt alt det dei hadde sett? Eller var dei i eit draumeland?

Også vårt misjonsarbeid kan ofte verta ståande i slike tvilskampar. I alle fall kan ein koma i tvil om det nyttar det vi driv med. Det skjer så lite. Få blir frelst. Det nyttar visst ikkje. Kan like godt gje opp. Gode ven, om du har det slik; du er ikkje den første, og du blir ikkje den siste. Kanskje ikkje så stor trøyst, men endåtil nokre av Jesu utvalde læresveinar tvila. Herren har ingen helgenar i si teneste. Han har vanlege folk, som du og eg! Men gløym aldri dette: Guds ord har spirekraft. Av det som blir sådd, fell noko i god jord! Det veks, det veks, Guds rike, både mellom det gamle utvalde jødefolket, og blant folkeslaga.

Golgata og Galilea

Vi seier av og til at misjonen er vår takk for Golgata. Det er rett å tenkja slik. Men misjonskallet eller –ordren ga han oss i Galilea. Dette området har Jesus tidlegare kalt for «heidningane sitt Galilea» (Matt 4,15). I store deler av Det nye testamente ser vi at jødane som trudde på Jesus, meinte at evangeliet var eit gode som var ei eksklusiv gåve til dei – og ikkje til folkeslaga. Utover i Apostelgjerningane vert dette drøfta og etter kvart kjem dei messianske kyrkjelydane til den klare erkjenninga, at jau visst, Guds frelsesgåve er for alle. Paulus seier det slik, at evangeliet er ei Guds kraft til frelse, for jøde først og så for greker. Og han uttalar sterk sorg over at eit fleirtal av hans eigne ikkje er komne til tru (Rom 10,1).

Ned frå fjellet

Frå eit fjell går alltid vegen ned att i dalane og slettene. På toppen ser ein vidt utover – og i dette tilfellet; dei mange «kvite åkrane» blant jødar og folkeslaga. Men ein må ned att om ein skal arbeida! Slik var det for læresveinane. Slik trur eg misjonærar også har det. Og kvar av oss som får ha si teneste i det me kallar heimearbeidet. Det er godt og gildt når Herren unner oss å få koma i høgden. Men arbeidet foregår i dalane og på slettene! Det vil seia; i vår kvardag, der me bur, frå heimen vår, og vidt utover.

Det er andre trekk også i denne korte teksten som gjev sterk grunn til trøyst, ikkje minst sluttsatsen: Eg er med dykk så lenge verda står! Det tek vi med oss både i denne spesielle og krevjande tida, og som ein lovnad og basis for alt misjonsarbeid så lenge verda står.

«Gud er Gud om alle land lå øde. Gud er Gud om alle mann var døde». Så sterkt uttrykte Petter Dass seg. Og han avsluttar: «Men opp skal rinne, Som solen skinne, Guds rike!»

Paul Odland

Utdanna diakon. Frå 2011 misjonsrådsgjevar i Den Norske Israelsmisjon, Stavanger krets.

stavanger@israelsmisjonen.no